


29-June-2017

Nordgardsløa Org.Nr. 985 154 171. Stiftet 1989.

REFERAT FRÅ STYREMØTE I STIFTINGA NORDGARDSLØA
ONSDAG 7. JUNI KL. 19.00

Desse møtte: Sigurd Knudsen, Bjørnar Langeland, Jørn Kleiva, Siren og Tor Ryland. Leif Johnsen hadde meldt forfall og vara Beate Eknes kunne heller ikkje møte.

- Sak 12.17 Godkjenning av innkalling
Ingen merknad til innkallinga.
- Sak 13.17 Konstituering av styret.
Styret valde Jørn Kleiva til å halde fram som leiar.
- Sak 14.17 Søknad om medlemskap i Stiftinga Nordgardsløa frå Nordhordland Røde kors
Nordhordland Røde kors har søkt om medlemskap i Stiftinga Nordgardsløa. Styret ser svært positivt på å få ein organisasjon som Røde kors inn blant medlemslaga, og ynskjer dei velkommen. Endeleg godkjenning må gjerast av neste årsmøte.
- Sak 15.17 Referat fra årsmøtet
Siren R. las opp referatet frå årsmøtet. Det vart godkjent utan merknad.
- Sak 16.17 Nytt vertskap, vaskehjelp, vaktmesterjobb, rekneskap. Ei oppdatering av prosessen med å få på plass nye folk til desse oppgåvene.
Siren R. informerte om kva som har skjedd så langt. Vertskap: Det er gledeleg at Gunn Krokeide, som er leiar for avd. Omsorg i Nordhordland Røde kors, har sagt ja til å ta jobben som nytt vertskap i Nordgardsløa. Siren gjennomgår med henne alle rutiner i samband med utleige. Reinhald: Det er eit par personar som er aktuelle, Siren skal snakke med desse og få ei avklaring før sommaren.



Nordgardsløa Org.Nr. 985 154 171. Stiftet 1989.

Vaktmesteroppgåver: Marius Bergesen (Kr. Fellesskap Nordhordland) og Jostein Haugland (Mental Helse) har sagt seg villig til å ta del i desse oppgåvene.

Rekneskap: Tor Ryland held fram ut dette året. Styret må finne ei løysing i løpet av hausten 2017.

Dugnadsleiar: Laga oppfordrast til å finne og melde inn kandidatar.

Sak 17.17 Ymse.

A. Bjørnar Langeland spurde kven som eig tomta til Norgardsløa. Styret har sendt eit brev med spørsmål om dette til Meland Kommune for å få ei avklaring. Tor R. purrar på kommunen for å få svar.

B. Det vart reist spørsmål om kva som skjer ved kommunesamanslåinga, sidan Meland kommune no er medlem og har visse rettar og plikter i høve til bruken av løa. Styret må ta opp dei konkrete spørsmåla når det nærmar seg at samanslåinga er gjennomført.

Frekhaug 26.06.2017

Referat ved Jørn Kleiva